



GISKE KOMMUNE

Stab



Beredskap, det er å være budd på innsats for å møte uventa kritiske situasjonar.

KVA GJER VI NÅR ULUKKA ER UTE?

- om kommunal beredskap og sikring av hus og eigedom i Giske

BEREDSKAPSSYSTEMET I GISKE KOMMUNE

Beredskapssystemet i Giske kommune skal ta vare på innbyggjarane ved nødhendingar og ekstreme situasjonar etter reglane som er fastsett i Lov om kommunal beredskapsplikt, Sivilbeskyttelseslova og forskrifter.

I Giske omfattar beredskapssystemet -

- kommunestyret (politisk),
- administrasjonen (beredskapsleiinga),
- kriseteamet (fagpersonell)
- eksterne etatar (beredskapsrådet).

Moglege hendingar

Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse («ROS-analyse») for Giske kommune gjev ei oversikt over moglege hendingar. Her har kommunen utarbeidd tiltak for å førebygge eller minske skadeverknadene:

<i>Mogleg hending</i>	<i>Følgje av hendinga</i>
Smitteutbrot, epidemiar/ pandemiar	Sjuka/ fråverande tilsette, smittespreiing, overlasta helsetilbod, manglande vaksiner, sjuke bebuarar
Ulukker og katastrofar	Brann, panikk, eigedomskader, vegulukker, miljøskader/-katastrofar (for eksempel oljeutslipp)
Systemsvikt	Svikt i straumforsyninga, svikt i databasert telefon-nett og mobiltelefon-samband, svikt i styringssystem for vatn/ avløp, straumbasert pleieutstyr kan svikte, utfall av oppvarming, lys, nettsamband, ventilasjon
Orkan m/stormflo	Telefon- og straumbrot, byggskader, stengte veg- og trafikksamband, tilsette kjem ikkje på arbeid, stormflo med kjellarflaum osv.
Terror	Gisselsituasjonar, skade på eigedom, liv og helse, stengte rømmingsvegar, skuleterror, bombetrugsmål

Utrykking

Ambulanse, politi, brann og redning rykker ut og organiserer innsatsen på staden.

Kommunal beredskapsleiing

Kommunen gir hjelp, informasjon og koordinerer tiltak for publikum i nødsituasjonar.

Beredskapsleiinga i Giske er ordførar, kommunedirektør, kommunalsjefar, politi, kommunelege/ leiar kriseteam, beredskapskoordinator og teknisk sjef. Kommunedirektøren er leiar. Beredskapsrådet er sett saman av eksterne etatar som rådgjevande organ for beredskapsleiinga.

Kommunalt kriseteam

Kriseteamet er personell som er spesielt trenar til å hjelpe personar som har vore utsett for store påkjenningar.

Beredskapsplanar

Giske kommune har beredskapsplanar på fleire nivå, utarbeidd etter analyser av risiko og sårbarheit ved moglege hendingar. Kommunen har ein heilskapleg beredskapsplan i tillegg til einingsplanar (t.d. helse- og omsorgsplan) og temaplanar (t.d. smittevernplan).

VARSLING VED HENDINGAR

Varsling: Avhengig av type hending kan det bli varsla med sirener, som telefonmelding frå kommunen på SMS og talemelding til husstandane, over radio - eller berre internt i beredskapssystemet som mobiliserer/ set i verk beredskapsleiinga eller kriseteamet.

Kommunen har i dag følgjande varslingsystem for å nå ut til innbyggjarane:

- **Telefon:** Talevarsling eller SMS til fasttelefon og mobil.
- **Internett:** Info lagt ut på kommunen si nettportal <http://www.giske.kommune.no> og på Facebook: www.facebook.com/Giskekommune.
- **Media:** Informasjon via NRK-radio

BEREDSKAP I HEIMEN – SLIK SIKRAR DU DEG SJØLV

Feil ved elektrisitet, tele, data og vassforsyning kan få mykje større konsekvensar i dag enn for nokre år sidan. Nyttårsorkanen i 1992 og Juleorkanen i 2011 har vist oss at det er viktig å vere budd på ekstremvêr og moglege følgjer i timane og dagane etter.

Det kan vere lurt å lage seg ein enkel kriseplan:

Still deg sjølv spørsmålet: Kva slags krisesituasjon kan ramme oss? Tenk over kva du skal gjere ved orkan eller storm, store nedbørsmengder/ flaum, langvarige straumbrot, branttilløp eller andre ulukker.

Uavhengig av om årsaka er uvêr, tekniske problem eller andre farar, bør alle alltid ha eit lite reserve-lager av det vi er mest avhengig av: mat, vatn, lys- og varmekjelder, verkty og førstehjelpsutstyr.

Førebu hus og hage på storm

- Rydd hagen; sikre store gjenstandar, flytt mindre gjenstandar innomhus
- Sjekk taket for laus takstein og lause plater
- Sørg for at takrenner, antenner og presenningar er godt festa
- Lukk vindauge og dører godt til
- Rens takrenner og vass-kummar

Råd i farlege situasjonar

- Hold deg rolig og kom deg i sikkerheit
- Hjelp til der du kan utan å bringe din eigen sikkerheit i fare
- Varsle nødetatane om dei ikkje er på plass
- Hold deg orientert og følg råd frå politiet og andre myndigheiter
- Bruk mobilen berre til naudsynte samtalar fordi nettet kan bli overlasta
- Ikkje ta i lause straumleidningar

Dette bør du ha i hus

- drikkevatt
- tørrmat
- radio med batteri
- lommelykt
- stearinlys
- fyrstikker
- ved
- førstehjelpsutstyr
- kokeapparat som går på gass eller rødsprit så du kan få deg litt varmmat
- kontantar

(Kjelde <http://www.sikkerhverdag.no/din-beredskap/>)

Lenker:	Viktige telefonnr.:
www.giske.kommune.no	Beredskapsleiing 997 24 798
www.facebook.com/Giskekommune	Legevakt 116117
https://www.giske.kommune.no/individ-og-samfunn/beredskap-og-tryggleik/	Giske legekantor 70 18 85 00
http://www.sikkerhverdag.no/din-beredskap/	Teknisk vakttelefon 900 18 425
	Politi 112
	Ambulanse 113
	Brann 110

